

Årets tema er alkohol og rusmidler. Fordi Gol er ein turistkommune er det kanskje ikkje overraskande at alkoholforbruket og antall skjenkestader ligg ein del over snittet for landet og fylket. Men det er gledeig å sjå at andel ungdom som har vore berusa er låg ☺ Da veit i alle fall ungdommen å skikke seg.

Ellers er det ikkje så store endringar i frå tidligare profiler:

- Andel med låg utdanning og låg inntekt er fortsatt høg i forhold til resten av landet og fylket.
- I år er det ikkje tatt med i barometeret andel unge uføretrygda, men eg har sjekka i statistikkbanken og tala her ligg fortsatt over landet og fylket.
- På skulen har dei fortsatt gode resultater i lesing, men noko svakare i rekning.
- Dei nye Ungdata-tala syner at ungdommane er meir fornøgde med lokalmiljøet, og det er hyggeleg. Men talet på dei som er med i fritidsaktiviteter har gått noko ned, samtidig som andelen som er lite aktive og overvektige har gått noko opp. Så her bør ein være litt obs.
- Når det gjeld helse og sjukdom ligg Gols befolkning fortsatt bra an. Det er gledeleg å sjå at forventade levealder, særlig for kvinner, fortsatt er høg.
- Vaksinasjonsdekning for meslingar er fortsatt litt for låg her på Gol. Vi ligg heilt i nedre sjiktet med 88,6% (mot 95,1 for landssnittet). Men her skal ein også ta med seg at dette er eit snitt over tre år, og pga av lågt innbyggertal vil antall born som ikkje vaksinerer seg gi relativt stort utslag.